



## Referat frå Soknerådsmøte

Tid: Torsdag 25.04.2024 kl. 16.30

Stad: Kyrkjestugu, Ål

### Desse møtte:

Liv A Solberg	Leveld sokn
Inger Elise Kaslegard	Leveld sokn (Inger Haug meldt forfall)
Frøydis Stoveland Dekko	Torpo sokn
Ingrid K Hajem	Ål sokn
Marianne Laa	Ål sokn (Anne Kjersti meldt forfall)
Audun Vestenfor	Ål sokn
Aril Øystese Hansen	Ål sokn
Sveinung Hansen	prost
Kari Kristine Flatland	Ikkje møtt

Frøydis opna møtet.

Fadervår

### SAKLISTE:

**Sak 91/24 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte.**

Ingen merknader.

## **Sak 92/24 Diakoni**

Diakon Line Bakke deltok i denne saka og orienterte om sine planar og tankar for diakoniarbeidet.

**1. Informasjon ang. Joker Torpo:** I lys av hendinga på Torpo er det fint at diakonen i tida framover vil vere til stades der det er behov for nokon å prate med frå kyrkja. Ho er å finne på Joker Torpo kvar måndag. Soknerådet støttar denne prioriteringa. Vi har tiltru til at diakon saman med diakoniutvalet tar gode vurderingar kring dette vidare.

Line fortel litt frå dei to dagane ho har vore der til no. Personalet på Joker er positive og hjelpsame til tiltaket. Ho har fått eit eige rom til disposisjon der ein gå inn og leta att døra om samtalene blir personleg og det er behov for ro. Line ser dette har stor verdi for folket i bygda. Mange kommenterer at dei set pris på at ho er til stades på Torpo. Dei får eit kjend ansikt å forhalda seg til.

På Joker ligg det også informasjonsfaldarar med sorggruppeinfo og anna nyttig info som folk kan ta med seg. Open kyrkje blir også profilert ut med at det er folk der kvar torsdag. Fellesrådet og kyrkjeverje har laga eigen dugnadsliste for desse kveldane.

**2. Einar Brattegard er valt inn som nytt medlem i diakoniutvalet.**

**3. Revidering av diakoniplanen for neste periode:**

Line deler har tankar og forslag til korleis ho vil samordne sitt arbeid i våre tre sokn, spesielt med tanke på jubilantar, diakonikontaktar og besøksteneste. Vi går gjennom denne delen av planen saman i møtet.

Heile diakoniplanen skal reviderast og soknerådet tilrår at diakoniutvalet arbeider vidare med dette, sidan dette førebels er Line sitt forslag. Line vil informere om ny plan ved eit seinare høve.

Ho fortel også at ho vil samordne sorggrupper og liknande i diakoniplanen med Hallinghelse.

## **Sak 93/24 Datoar for konfirmasjonsgudstenester i 2025**

Viser til vedtak 23/23 i protokoll for soknerådet:

*«Første sundagen i juni blir i Ål og dagen før på Torpo. Den andre sundagen i juni blir i Leveld og dagen før i Ål» (ref. protokoll 23/23).*

Dette vedtaket vert ført vidare, med unntak av i 2025 pga. kollisjon med Folkemusikkveka 2025.

**Soknerådet har fastsett desse datoane for konfirmasjonsgudstenester i 2025:**

**Torpo:** **24. mai**  
**Leveld:** **8. juni**  
**Ål:** **25. mai og 7. juni**

**Sak 94/24 Kyrkjevertar og klokkarar**

Det er behov for å engasjere fleire klokkarar og kyrkjevertar i våre sokn.

Oppdatert liste blir lagt fram i møtet. Det manglar folk på ein del datoar.

Vi blir einige om å spørje desse i fyrste omgang:

**Liv Solberg** spør Else Karin Veslegard.

**Ingrid K. Hajem** spør Wenche Skår Ekse og Einar Brattegard.

**Sak 95/24 Årsmøte for kyrkjelyden 2023**

Ulike omstende førde til ei avgjerd om at årsmøtet som var planlagt den 8. april vart utsett.

Årsmeldinga for 2023 blir lagt ut på våre heimesider. Dette må gjerst kjend

**Forslag om at eit soknemøte blir arrangert til hausten, med for eksempel foredrag e. l. Soknemøtet skal kunngjerast 14 dagar før.**

**Sak 96/24 Dataar for dugnader ved våre kyrkjer.**

.

Forslag frå kyrkjeverja;

Torpo 4. mai

Ål 7. mai

Leveld 1. juni er forslag frå soknerådet.

**Sak 97/24 BUK**

Vi er utan trusopplærar inntil vidare. Skal vi likevel arrangere BUK i ei eller anna form?

Vi set som mål å kunne gjennomføre **ein** dag med BUK i år, i eit samarbeid mellom frivillige og stab. Datoen er sett til **fredag 21. juni 2024**.

Ingrid K. H., Marianne L. og resten av trusopplæringsutvalet møtes etter 17. mai for å planlegge. Det blir sett ei grense for kor mange born vi kan ha med, når vi veit kor mange vaksne vi har med oss denne dagen.

**Sak 98/24      Eventuelle saker:**

Folkemusikkprosjektet: Jo Asgeir Lie har sagt ja til å bidra til at søknad skrive til neste prosjektperiode, frist 1. juni.

Han vil ta initiativ til å kalle inn til ei arbeidsgruppe for dette prosjektet.

Forslag om andre medlemmer i gruppa er: Vemund Olav Aukrust, Ingunn Stræte, Anne Kjersti Frøyen, Kjellfred Dekko og Sveinung Hansen.

**Neste soknerådsmøte blir 30. mai kl. 16.30.**

**Orienteringssaker**

**Kyrkjebladet:** Line Bakke og Ingvild Kringlebotten Stautland har sagt ja til å vere redaktørar for kyrkjebladet. Inger Elise Kaslegard, som sit i komiteen, har i samarbeid med kyrkjeverje ansvar for sponsoravtaler.

Inger Elise har laga liste med størrelse på annonsar og prisar. Ho har spurt mange, men det er ikkje mange som ynskjer kjøpe annonse.

Ref. Ingrid Konradsdatter Hajem

